

Årsmelding for Husstyret, Lye forsamlingshus 2022

1. Styret

Etter årsmøtet 2022 på Lye forsamlingshuset har Husstyret bestått av følgjande medlemmer:

Valgt av årsmøtet 2022: Leder	Tor Magne Fjetland
Valgt av årsmøtet 2016: Sekretær	Torill Sandsmark
IMF: Styremedlem/Kasserer	Helen Slettebø
NLM: Styremedlem	Asbjørn Aarsland
Normisjon: Styremedlem	Øystein Dahlstrøm
Soknerådet: Styremedlem	Harald Auestad
NMS:	Ingen representant
Norges KFUK-KFUM:	Ingen representant
Ungdomane	Ingen representant

2. Styremøte

Husstyret hadde 4 styremøte i 2022 og handsama i alt 21 små og litt større saker.

Internkontroll og HMS: Det er viktig at Husstyret også har eit Helse-, Miljø og Sikkerheitsarbeid på Huset. Dette må vere eit levande arbeid som endrar seg med tanke på sikkerheit og mogleg uønskelege hendingar, samt å ivareta et trygt og godt miljø for de som bruker forsamlingshuset.

Tilsyn: Revisjon av virksomhetens internkontrollsystem (IK-system). Tilsynet ble varsla og gjennomført av det lokale elektrisitetstilsyn (DLE) i Lnett AS.

IK-HMS systemet vårt vart sjekka og gjennomgått og vi fekk inga merkingar på avvik, men ble oppmoda til å ha ei målsetting for HMS-arbeidet. Vi gjekk også gjennom huset og så at sikringskap var i orden og at rømmingsveggar var merka og ikkje hadde hindringar.

Vedlikehald av ventilasjonsanlegget og varmtvannstilførselen til barnehagen er utført.

Heisen fekk nye vaiere. Dei var slitne og trengde skiftast.

Brannøvingar: Ny rutine for er innført ved at alle med adgangsrikke skal delta på øving sidan dei også er ansvarlege for aktivitetar på huset. I alt 19 personar deltok på øvingar i haust.

Adgangsrikker: Husstyret har gått gjennom kven som hadde adgangsrikker og kven som med tida ikkje lenger har ein funksjon på huset som gjer at ein treng brikke. Då er desse samla inn og personar med nye leiarfunksjonar har fått brikke.

Straumstøtte: Vi har gjennom søknad fått straumstøtte til huset.

3. Arrangement

Aktivitetar på huset

Av de mange aktivitetane som drives på Forsamlingshuset vil vi nemne:

Gudstenester (DNK), Sundagssamlingar (INN kyrkja), søndagsskolen, onsdagsmøter, Husfellesskapsgrupper, Middag for 6, ungdomsarrangement, Varden ungdomsarbeid, KRIK, Lukas ungdomskor, Lykkeliten (lagt ned i 2022), Lye barnegospel, konfirmantundervisning, Trusopplæring, Lye Blå Kors speidarar, Solstreif barneforeining, mannsgruppa Moskus, Strikkekafé.

4. Vedlikehald

Forsamlingshuset har behov for kontinuerleg vedlikehald.

Vedlikehaldsgruppa gjer ein trufast og uvurderleg innsats med å vedlikehalde huset, både innvendig og utvendig slik at det framstår som funksjonelt og moderne.

På uteområdet er til dømes trea blitt beskåret og rydda. Det er blitt rydda i boder og rom for utstyr og materiell som ikkje lenger trengs og er blitt køyrt bort.

Gruppa utfører vedlikehald med egne krefter og med hjelp frå eksterne fagfolk, som til dømes med støttemuren mot barnehagen, vedlikehald av ventilasjonsanlegget og sjekk av varmtvannstilførselen til barnehagen.

Ungdomane har fornya loftsstova og «kontoret» ved å sette inn nye møbler og projektor slik at romma i dag er innbydande og funksjonelle.

5. Økonomi

Husstyret har følgande hovudinntektskjelder:

Barnehagen, Telenor sitt anlegg i kjellaren, givertjeneste/gåver, støtte frå Time Sokneråd og INN-kyrkja.

De største utgiftspostane er bygg / anlegg, strøm og forsikring.

Det vises elles til eige rekneskap.

6. Framtid

Husstyret har hatt representantar frå 4 av dei 6 eigarorganisasjonane. God representasjon frå eigarorganisasjonane er viktig for legitimiteten til Husstyret.

Økonomi/fast gjevarteneste

Oppussing av forsamlingshuset kostar pengar. Me får inn noko på fast gjevarteneste og leigeinntekter. Me håper at fleire ønsker å bidra med eit fast beløp slik at huset kan verte betre og utviklast.

Dugnadsinnsats

Det er enda behov for ein betydeleg dugnadsinnsats for at huset skal vere triveleg å drive verksemd i. Man kan bidra gjennom tenestegrupper, som oppsett på dugnadslister eller gjennom eit konkret prosjekt.

Me manglar personar til vaskelistene for vask av gangar, trapper og toalett på laurdagane. Vask av moppar og kjøkkenhandklede er også eit eksempel på basert på frivillig arbeid.

7. Ein spesiell takk til

Husstyret vil på denne enkle måten takke alle som er med i gjevarteneste, som stiller opp på aktivitetar, arrangement og støttefunksjonar på huset og alle som elles på kvar sin måte bidrar til at huset er et godt hus å trivest i og drive aktivitetar og arrangement i.

Lye, 16.01.2023

Tor Magne Fjetland
Leier

Øystein Dahlstrøm
Styremedlem

Helen Slettebø
Kasserer

Asbjørn Aarsland
Styremedlem

Torill Sandsmark
Sekretær

Harald Auestad
Styremedlem